

ORDENSREGLEMENT

§ 1 Formål

Møre barne- og ungdomsskule har som mål å vere ein skule med fagleg, sosialt og åndeleg miljø som legg til rette for god læring for elevane, nær kjennskap til den kristne trua og utvikling av heile mennesket. Guds Ord uttrykkjer verdiar som skulen ser på som grunnleggjande i dette arbeidet:

«Difor, alt det de vil at menneska skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei!» Matt 7,12

«Ingen må søkje sitt eige, men heller det som er til gagn for nesten.» 1.Kor 10,24

Skulen vil utruste elevane for eit godt og ansvarleg liv i heim, samfunn og kyrkjelyd. Skule- og klassemiljø for fellesskap, arbeid, utvikling og læring skal vere prega av verdiar som læringsglede og positive forventningar, tryggleik og godleik, struktur og orden, respekt og toleranse og arbeidsro og engasjement. Reglementet synleggjer for både elevar, føresette og tilsette kva rettar og pliktar elevane har, og kva verdiar og reglar som skal forme miljøet.

§ 2 Virkeområde

Reglementet har virke for Møre barne- og ungdomsskule, og gjeld når skulen har ansvar for elevane. Dette omfattar all skuletida; på skulen sitt område eller på turar, ekskursjonar og langs skuleveg.

§ 3 Vurdering

Grunnlaget for vurdering av elevane sin orden og åtfærd er ordensreglementet og skulen sine sju reglar for «den gode time»: møt presis, følg beskjedar, ver roleg, arbeid godt, snakk positivt, vis respekt og hald orden. Skulen kan utarbeide kriterium for måloppnåing. Elevane sin orden og åtfærd vert ikkje vurdert ut frå andre kriterium. Karakterane i orden og åtfærd kan setjast ned ved alvorlege eller gjentekne brot på ein eller fleire reglar eller plikter.

§ 4 Orden

Alle elevane har rett til å vere i og plikt til å bidra til eit miljø der alle:

- møter til rett tid og er budd til opplæringa
- er aktivt deltakande i arbeid og undervisning
- gjer arbeid og oppgåver heime og på skulen til rett tid og på rett vis
- har med naudsynt læremiddel og utstyr
- held orden på eigne, medelevar og skulen sine egedelar
- følgjer skulen sine reglar for dokumentasjon av fråvær

§ 5 Åtfærd

Alle elevane har rett til å vere i og plikt til å bidra til eit miljø der alle:

- viser omsyn og respekt for alle uansett kjønn, nasjonalitet, livssyn, seksuell orientering m.m.
- rettar seg etter beskjedar og tilsnakk frå skulen sine tilsette
- medverkar aktivt til godt læringsmiljø og sosialt miljø i timar og friminutt
- er på rett stad i heile skuletida
- handsamer eigne, medelevar og skulen sine egedelar med respekt
- nyttar mobiltelefon eller anna privat elektronisk utstyr berre ved løyve
- viser nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av datautstyr og anna digitalt utstyr
- melder frå om mobbing eller psykisk eller fysisk vald

Alle elevane har i tillegg rett til å vere i og plikt til å bidra til eit miljø der ingen:

- nyttar eller er påverka av tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- mobbar eller truar eller utøver psykisk eller fysisk vald
- tek med eller nyttar farlege, uønskte eller ulovlege gjenstandar

§ 6 Sanksjonar

Ved brot på reglar og plikter kan skulen nytte sanksjonar. Om elevar ikkje respekterer sanksjonar som vert gjeve, aukar alvorlighetsgraden og nye sanksjonar kan verte gjevne.

1. Melding til elev eller føresette
2. Samtale med kontaktlærer eller skuleleiinga
3. Møte mellom skule og heim
4. Inndraging av gjenstandar
5. Oppmøte før eller etter skuletid
6. Erstatning eller utbetring ved skadeverk
7. Bortvising frå undervisning
 - a) Barnetrinnet: Einskildtimar eller for resten av dagen
 - b) Ungdomstrinnet: Inntil tre dagar

Alvorlege eller straffbare tilhøve kan skulen melde til politiet eller andre instansar. Når omsynet til medelevar tilseier det kan skulen be heimkommunen om å flytte eleven. Ved tjuveri av private eigedelar må føresette sjølv melde tilhøvet til politiet.

§ 7 Saksbehandling

Ved bruk av sanksjonar i § 6 gjeld følgjande saksbehandlingsreglar:

- Avgjersler skal gjerast på eit forsvarlig grunnlag.
- Avgjersler skal grunngjevast. Ved avgjersle av særlig betydning skal grunngjevinga vere skriftleg.
- I alvorlege saker skal føresette til mindreårige varslast så langt det er råd.
- Ved sanksjon 3-7 skal eleven kunne forklare seg munnleg for den som skal ta avgjersla.
- Føresette til elevar på barnetrinnet skal varslast før elevar vert bortvist for resten av dagen.
- Andre hjelpe- og refsingstiltak skal vurderast før bortvising. Lærer kan vise bort elevar i inntil to skuletimar. Andre vedtak om bortvising vert fatta av rektor, normalt etter rådføring med lærar eller kontaktlærer til eleven.
- Bortvising frå undervisning er enkeltvedtak jf. privatskulelova §3-10. Det er tre veker klagefrist på vedtak, og departementet er klageinstans.

Reglementet vart vedteke på styremøte for Møre barne- og ungdomsskule 11.06.2015.